

Foreldrerådets arbeidsutval

REFERAT FRA ORDINÆRT MØTE 11.09.2024

Deltakarar på møte

Ane (7A), Anja (1 trinn), Stine (6B), Agnes (1A), Kjell-Are (7B), Arthur (SFO), Hilde Kristin (5B), Georgiana (2 klasse), Hege (4A), Bjørn Tore (4B), Kjersti (6A), Gwen (2trinn)

Meldt fråfall: Kastidi (3B), Pavlina (3A og 5A)

Aktuelle saker

1. Saker skulen ønsker FAU kan arbeide med

2. Barnehage- og skulebruksplanen:

Informasjon: Det ønskeleg at FAU bidrar til å svare ut spørsmål frå utvalet til skulebruksplanen, planlegg å skrifteleggjere det på neste møte.

Drøfter om FAU ågotnes skal sende inn høyring på skulebruksplan. Frist høyring 30.september

Tiltak: Alle representanter tenker ut svar på spørsmål frå utvalget til neste møte. Utarbeider svar og sender det til fau.agotnes@outlook.com innan neste møte. FAU er enig om at det ikkje er naudsynt å sende inn høyringssvar på vegne av Ågotnes skule slik planen er no. Men må sikre at vi vert inkludert i planar om rehabilitering og arealplanlegging når den tid kjem.

3. Grøntareal ute

Informasjon: Skulen ønskjer at FAU ser på moglegheita til å bidra til betring av grøntareal på skuleplassen. mtp bed beplantning og liknande. Kan vi arrangere dugnad? Korleis vedlikehalde grøntareal ute?

Planen er Ballbinge skal rivast ved nytt bygg. Uavklart tidsaspekt på dette. FAU har fått prisoverslag for ballbinge. Ta dette opp i SU, om formeining om prioritering av ballbinge opp mot bruk av tilgjengelege banar ved Ågotneshallen. Om ønskeleg kan FAU søkje om midlar til oppgradering av ballbinge.

Det oppleves at det er mykje gjørme ved Zipline. Kan skule etterspørje bark til underlaget for å betre dette.

Tiltak: Spørje lokale aktører om bistand til utarbeide plan for lettstelt grøntareal og evt innkjøp. Arrangere dugnad på grøntareal om våren 2025 før sommarfest . Ane tar spørsmål angående bark til underlag zipline vidare til SU.

4. Valperiode FAU og klassekontakt

Informasjon: Tas opp igjen på møte i november

5. Kva skal FAU støtte skulen med økonomisk



Informasjon: FAU bidrar økonomisk til TL initiativet og skidag. Kva muligheter har FAU for å bidra økonomisk framover? Skulen vurderer å melde seg ut av TL, men drifte dette vidare på eiga hand, då skulen har lang erfaring til å drifte dette på eiga hand. FAU støtter dette.

Tiltak: FAU-leiar etterspørre budsjett til utstyr, leir, skidag og liknande? Etterspørre kva prioriteringar som er tatt som krev at FAU må bidra inn i ulike atkvitetar som skulen arrangerer. Spørje skulen kva ønsker og behov har skulen at FAU bidrar med.

2. Trafikktryggleiksplan

Informasjon: Trafikktryggleiksplan ligg ute til høyring. Frist for svar 30 oktober.

Tiltak: Alle lesar seg opp til neste møte

3. Helseverngodkjenning

Informasjon: Helseverngodkjenning manglar framleis i følge skulebruksplanen.

Tiltak: Ane tar dette opp i SU.

4. SFO stillerom

Informasjon: Foreldre ønsker stillerom i SFO

Tiltak: Ane tar dette ønske opp i SU, då SFO leiar deltar på dette møte.

5. KFU representant

Informasjon: Forsøkt å få i stand sist år. Opplevde lavt oppmøte og engasjement til å leia KFU. Utfordrande med eit KFU i ein stor kommune med store store avstandar. Kan man dele in KFU i nord, sør og midtre?

6. Ågotnesdagane og marknad

Informasjon: Vellykka arrangement. Vurdere å kutte opningstid neste gang pga lite folk på slutten av arrangementet. Inntekt bordleie og kafe 13 685kr (Må trekke frå et par tusen for innkjøp av minerallevann).

Barn på arrangementet skada seg på fotballbanen. Opplevde manglande utstyr i førstehjelpsskrin i Ågotneshallen og dårleg merking av plassering av førstehjelpsskrin. Dette bør meldes inn til kommunen.

Tiltak: Stine sende epost til kommunen angående manglande førstehjelpsutstyr. FAU går til innkjøp av førstehjelpsskrin til eigne arrangement.

7. Eventuelt

Budsjett

Ønsker eit budsjett, slik at FAU har oversikt over planlagte utgifter og forventa inntekter for 2025. Tar dette opp att, når ny kasserar har fått opplæring av fjorårets kasserar.



Sosialkomiteen

Sosialkomiteen planlegg Halloweendisco i oktober.

Deltakelse på FAU-møter 17.mai komite og sosialkomite.

Leder i begge grupper kan delta på FAU møter om ønskelig.

Benker og bord utemiljø: FAU har spurt om å få donert 2 stein benker og bord frå Sartor Drange. Ane purrar på førespurnad. Dersom vi får dette innvilga ønskjer FAU å kjøpe inn utespel.

Stoler: FAU-leiar tar dette opp i SU igjen.

Natteravner: Samarbeid mellom 6-7 og ungdomskule? Ta kontakt med natteravnene?

Skoposer ved basseng: Blir ikkje påfyll og tømt. Ane tar dette opp med rektor.